

Overvatn under kontroll, rammeløyve gjeve

15.11.2012



Vatnet vil kryssa fylkesvegen der vegen mot Korsnes tek av i bakrunnen

Oppsittarar i Korsnes har ingen grunn til å frykta auka tilførsel av overvatn frå Ospelunden. Vatnet vil verta teke hand om og vera under full kontroll. Det understrekar Oddbjørn Kroka i samband med at overvatnet vart omtala også i forvaltningskomiteen tidlegare i veka.

Det er 3 oppsittarar nedanfor fylkesvegen som har uttrykt ein viss bekymring, særleg knytta til ein bekk som kjem under vegen.

Ospelundenprosjektet har ellers idag teke eit viktig steg vidare i og med at det er gjeve rammeløyve. Arbeidet med opparbeiding av tomtene startar med det første,



Dei som bur nedanfor fylkesvegen har ingen ting å frykta

Det som i første omfang vil skje med overvatnet og som er knytta til det første byggjesteget
er at terrenget blir skåre over.

3 sandfangkummar vert montert og leiar
bekken inn i eit system. Vatnet blir leia slik at det kryssar under fylkesvegen
der vegen tek av mot Korsnes.

Når så byggjesteg nummer 2 kjem, vil nettet
i Korsnes verta oppgradert.

Overflatevatnet frå 5 tomter blir leia til grøftesystemet
langs fylkesvegen. Her er det tale om små mengder.

Det første som no skal skje er opparbeiding av to einebustadtomter og tomter
for tomannsbustader.

Kroka gjev uttrykk for stor glede over at det no tek til
å skje noko etter så mange års ventetid på det største byggjefeltet i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.